



Oddvar Gjelsvik og Ellinor Lilleskare  
Skarsvegen 534  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1182 - 16/18605

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

30.06.2016

## Løyve til riving av driftsbygning - gbnr 147/1 Sellevoll

### Administrativt vedtak. Saknr: 328/16

**Tiltakshavar:** Oddvar Gjelsvik og Ellinor Lilleskare

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 bokstav b jf. § 20-4 bokstav b

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til riving av stormskada låve som står til nedfall og til dels er ei fare for omgjevnadane. Det er oppløyst at låven har eit bygd areal (BYA) på om lag 112 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar riving av låve, samt sanering av byggegrøp.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.04.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.04.16 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Kommunen har 29.06.16 vore i kontakt med Hordaland Fylkeskommune per epost i høve tiltaket.

Kommunen har fått følgjande tilbagemelding:

(...)Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at tiltaket vil få negative konsekvensar for nasjonale eller regionale kulturminneinteresser. Vi har difor ingen vidare merknader i saka.(...)

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.03.16.

### **Tilkomst, avkjørsle, parkering, vatn og avløp**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser bygging som er søkt riven ( BID.: 176214953). Det ligg føre fotodokumentasjon på bygget.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav e, 20-2 bokstav b og § 20-4 bokstav b jf. byggesaksforskrifta § 3-2, 2.ledd bokstav a vert det gjeve løyve til riving av låve med byggningsid.: 176214953. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Rivningsplassen skal vere forsvarleg sikra med byggeplass-gjerde jf. pbl § 28-2.**
- 2. Ved søknad om ferdigattest skal det leverast inn sluttrapport for avfallshandtering samt kvittering som dokumenterer at avfall er levert til godkjent deponi jf. pbl § 29-8 jf. byggteknisk forskrift §§ 9-6 og 9-7.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1182**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Oddvar Gjelsvik og Ellinor Lilleskare Skarsvegen 534 5911

ALVERSUND